

Lindås Kommune
Vegavdelinga

HJELMÅS, 02.04.2019

Uttale / vurdering av avkjøring – gbnr 188/48 og 381

Etter forhåndskonferanse med byggesak ber vi om ei vurdering av avkjøring som vist i vedlagte situasjonskart. Eksisterander avkjøring på nordisda av eigedomen vil i så tilfelle bli stengt.

På reguleringskart frå 1995 kan det sjå ut som ein del av avkjøringa kjem i grensesnittet til området avsatt som er avsett til gangveg, men det er vanskeleg å slå heilt fast på eit gammalt kart i denne målestokken. Så langt byggesak kunne sjå er dette ikkje digitalisert og heller ikkje tilgjengelig i anna målestokk.

Dei faktiske og reelle forholda på plassen er at skilting om gangveg er plassert lengre aust en avkjøringa som er innteikna kjem, avkjøringa vil med vist plassering komme omtrent parallelt med avkjøring frå naboeigedom på motsatt side av vegen i god avstand til punktet der det er skilta at ein går over i gangveg.

Med andre ord er enten den faktiske overgangen til gangveg så langt mot aust at det ikkje er konflikt, eller så har naboeigedomen si avkjøring ut på gangvegen på same måten som ein eventuelt vil ha i dette tilfelle.

Ber om ei så snarleg tilbakemelding som mogleg om dette, dersom det er ønskeleg med ei befaring der vi deltek gjer vi sjølv sagt gjerne det.

Med vennlig hilsen

Kålås Bygg AS



Lars Alvær Hagesæter
Daglig leder

